



Referat frå Årsmøtet i Breivika Båthavn 12. februar 2015.

Det var sendt ut innkalling og årsmøtedokument etter gjeldande tidsfristar. Årsmøtet starta i klubbhuset kl 18:00 og 19 medlemmer møtte.

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Styreleiar Kjell-Atle Reksten ønska velkomen til årsmøtet og ba om eventuelle merknader til innkalling og sakliste. Innkalling og sakliste samrøystes godkjend.

2. Valg av møteleiar.

Styreleiar la fram framlegg om Einar Jacobsen som møteleiar. Samrøystes.

3. Valg av referent.

Møteleiar la fram framlegg om Stein Malkenes som referent. Samrøystes.

4. Valg av to medlemmer til å skrive under årsmøteprotokollen.

Det blei gjort framlegg om Gunnleiv Hollevik og Bjørn Egil Sunde til å skrive under årsmøteprotokollen. Samrøystes.

5. Årsmelding 2014.

Styreleiar gjekk gjennom årsmeldinga for 2014 slik denne var sendt ut. Det var ingen kommentarar til årsmeldinga slik den var lagt fram. Etter dette blei årsmeldinga for 2014 samrøystes vedteken.

6. Rekneskap 2014.

Kasserar gjekk gjennom rekneskapen og revisjonsmeldinga. Det var ingen spørsmål, eller kommentarar. Rekneskapen for 2014 blei deretter samrøystes vedteken.

7. Utleigeprisar.

Kasserar orienterte om prisjusteringane for utleigeplassar. Samrøystes vedteke.

8. Pris på båtplassane. Indeksregulering.

Kasserar orienterte om prisjusteringane for båtplassane. Samrøystes vedteke.

9. Budsjett for 2015.

Kasserar orienterte. Det blei reist spørsmål om kva for vedlikehaldstiltak som skal gjennomførast i 2015? Bryggesjef orienterte om utarbeiding av plan og teikningar for undervassfortøyningar basert på arbeid frå dykkarar, samt å skifte ein del av bryggefortøyningane. Kasserar orienterte også konkret om tilhøve knytta til lån og rentekostnader i budsjettet. Budsjettet for 2015 blei deretter samrøystes vedteke.

10. Saker frå styret.

Styret hadde i årsmøteinnkallinga satt opp to saker for framlegging til handsaming på årsmøtet.



10.1. Fullføring av moloanlegg.

Saka blei lagt fram av bryggesjef John Reksten som orienterte om dumping av steinmassar som er utført av Skanska. Oppfølging av dette er å gjennomføre ei kartlegging og masseberekning og eventuelt å få ei lekterlast til etter avtale med Skanska, dersom behov. Entreprenør Bjerck startar sitt arbeid med bygging av molo i midten av mars. I avtalen med entreprenør ligg også inne tilkøyring av muringsstein til plastring/avslutning av molofasadar. Saka blei drøfta og ulike spørsmål avklara. Saka blei deretter teken til etterretning og samrøystes vedteken.

10.2. Utviding av låneramme

Kasserar orienterte. Det blei reist spørsmål om avløpsledningane og ymse tilhøve blei drøfta og avklara. Mellom anna er det ein dialog med Flora kommune om eventuell mogleg deling av utgifter til avløpsledningar, dersom aktuelt. Ordstyrar gjekk så til avrøysting over følgande framlegg frå styret:

Årsmøtet for Breivika Båthavn i 2015 gjev styret fullmakt til å utvide låneramma for fullfinansiering av moloprojektet med inntil kr. 250 000,-.

Samrøystes vedteke.

11. Innkomne framlegg

Det var ikkje kome inn framlegg til saker.

12. Vedtektsendringar.

Styret ønsker å justere vedtektenes §§1 og 4 noko slik at dei samsvarar med dagens situasjon.

§ 1. Organisasjon

Styreleiar orienterte og gjekk gjennom dei viktigste tilhøva, samt framlegg til ny tekst. Spørsmål om fritak for kontingent for styremedlemmene og bryggesjefsassistentar i verkeperioden, samt fritak for kontingent for dei same i to år etter avgang blei fremja, drøfta og avklart. Likeeins blei oppmøte i samband med ulike arbeidsoppgåver i hamna drøfta. Etter dette blei framlegget til ny tekst for §1 samrøystes vedteke.

Etter dette vedtaket lyder vedtektenes §1 slik:

Styrets medlemmer og bryggesjefsassistenter har fritak fra medlemskontingent i valgperioden, inklusive det året en forlater styret eller vervet som bryggesjefsassistent + to år til. Styremedlemmer får i tillegg en godtgjørelse pr. år på kr. 2 000,- og kasserar godtgjøres med kr. 10 000,- pr. år. Styremedlemmer får også betalt for dugnad/arbeidsinnsats på lik linje med andre medlemmer, når det utføres praktisk arbeid som ikke er beskrevet i vedtektenes §3 (De enkelte tillitsvalgte plikter).

Bryggesjefsassistenter får også betalt for dugnad/arbeidsinnsats på lik linje med andre medlemmer når det utføres praktisk arbeid utover organisering og tilrettelegging av dugnadsarbeid.

§4. Medlemskap; rettigheter og plikter

Styreleiar orienterte og gjekk gjennom dei viktigste tilhøva, samt framlegg til ny tekst. Det kom spørsmål mellom anna om korleis det nye framlegget skal praktiserast. Ulike sider av dette blei drøfta og avklara. Framlegget til ny tekst for vedtektenes §4 blei deretter samrøystes vedteke.



Etter dette lyder vedtektenes § 4 slik:

Båter skal være godkjent av bryggesjefen før de kan fortøyes i fast plass i bryggelaget. Skifte/salg av båt meldes til bryggesjef/styret på skjemaet "Intern registrering av båt" som sendes til breivika.bathavn@gmail.com før det kan legges ny båt i bryggeplassen enn den styret allerede har opplysninger om i det interne båtregisteret. Båter som ikke er godkjent av bryggesjef/styret, vil bli pålagt fjernet. Dette gjelder også båter til leietakere som medlemmer leier ut til. Medlem som leier ut plassen sin er ansvarlig for at bryggesjef/styret har mottatt det ferdig utfyllte skjemaet "Intern registrering av båt" før båten til leietaker legges i båt-plassen.

13. Ymse

Det var ikkje meldt inn saker under dette punktet.

14. Val

Valnemnda ved Per Arne Solheim orienterte og la fram nemndas innstilling. Følgande blei samrøystes valde:

Styreleiar:	Kjell-Atle Reksten	(vald for 2 år)
Bryggesjef:	John Reksten	(vald for 2 år)

Vara og valnemnd

1. vara:	Rune Andreas Eick	(vald for 2 år)
2. vara:	Per Arne Solheim	(vald for 2 år)

Revisor:	Vidar Grønnevik	(vald for 2 år)
----------	-----------------	-----------------

Bryggesjefsassistent nr. 1: Arvid Stavang (vald for 2 år). (Ikkje medlem av styret)

Styreleiar takka for frammøte, eit godt årsmøte og ønska alle vel heim.

Møtet slutt kl 19:05/sm

Årsmøtereferatet er gjennomgått og godkjend:

Florø, 12. februar 2015.

Bjørn Egil Sunde

Gunnleiv Hollevik